



Byggraad AS
Fleslandsvegen 235A
5258 BLOMSTERDALEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/7073 - 21/19939

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
22.03.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 428/127

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 428/127
Tiltakshavar: Knut Asle Geitle
Ansvarleg søkjar: Byggraad AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.03.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 428/127
Tiltakshavar: Knut Asle Geitle
Ansvarleg søkjar: Byggraad AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.03.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal sendast inn komplett søknad om igangsetting for delar av tiltaket. Førre søknaden vart avslått 29.10.20 og saka er avslutta i vårt sakssystem då det ikkje vart påklaga.
2. Det skal sendast inn oppdatert gjennomføringsplan for tiltaket med alle ansvarshavande for PRO/UTF prosjekterande/utførande og uavhengig kontroll.
3. Det er ikkje vedlagt erklæring om ansvarsrett for prosjektering PRO frå føretak Nobi Askøy AS, berre vedlagt erklæring frå kontrollerande Multi Prosjekt Team as og motteke plan for uavhengig kontroll med utrekningar av stabilitet.
4. Vi har avslått sjølvbyggjar søknad om utføring av delar av tiltaket-grunn og terreng arbeid- fjerning av masser inntil eksisterande mur i tilknytning til riving av eksisterande

muren. Med bakgrunn i arbeidet sin kompleksitet og konsekvensar ved feil vurderer kommunen at tiltakshavar sin søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for utføring av fjerning av masser i muren ikkje kan godkjennast. Grunngeving er gjeve i avslaget datert 29.10.20. Fjerning av masser er knytt konstruksjonen og kan få konsekvensar for den og for rivinga av muren. Kommune vil krevje godkjent føretak for heile tiltaket m.a. for alt grunn- og terrengarbeid når det er ikkje snakk om eigen bustad/hytte, men fjerning og oppføring av høg mur i nabogrense, som er ustabil og beveger på seg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.04.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knut Asle Geitle

Eikåsneset 22 C

5131

NYBORG

Mottakarar:

Byggraad AS

Fleslandsvegen 235A

5258

BLOMSTERDALEN